



Festivalen-arrangørane får beste karakter også av skjenkekontrollørane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje ein einaste kritisk merknad er å finna på skjemaet til skjenkekontrollørane som var innom Festivalen laurdag 5. august fram til klokka to då det heile var over.

Dei har svara NEI på spørsmåla om tydeleg rusa personar fekk tilgjenge, om det vart observert overskjenking, om det vart observert om alkohol som var teken med inn og om det vart observert om alkohol vart teken med ut.

Og dei svara JA på spørsmåla om skjenketida vart halde og om det var mogeleg å få servert alkoholsvake og alkoholfrie drikkar.

Som ein ekstramerknad står det på skjemaet at det var "godt vakhald med kommunikasjon seg imellom".